



TAXI 1 AS  
Janaflaten 10  
5179 GODVIK

Dato: 01.06.2018  
Vår ref.: 2018/10261-4  
Saksbehandlar: henjans  
Dykkar ref.:

Att. Robert Aasmul

## Tilsegn om tilskot til kjøp av bilar med brenselcelle for bruk som drosje

Vi viser til søknaden dykkar dagsett 07.05.18. Vi er glade for å melde at Hordaland fylkeskommune gir tilsegn på kr 83 334,- per køyretøy til innkjøp av inntil 6 stk køyretøy med brenselcelle til bruk som drosje. Storleiken på det totale tilskotet skal svare til talet på innkjøpte bilar, med ei øvre grense på kr 500 000,-.

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing på fossilfri hydrogenteknologi og tilrettelegging for omstilling av transportsektoren til nullutslepp.

**Utbetaling føreset innsending av signert akseptskjema innan tre veker. Tilsegnet gjeld til 31.12.18.**

### 1. Grunnlag

Innkjøpet av hydrogendrivne bilar er eit av tiltaka som gjennomførast for å nå selskapet sin målsetting og strategi om å fase ut alle bilar med fossile drivstoff for å oppnå ein fossilfri bilflåte. Brenselcelle-køyretøy har ei høgare utsalpris i høve til tilsvarende bilmodell med forbrenningsmotor. Tilskotet er med det naudsynt for at innkjøpet skal vere meir økonomisk berekraftig.

### 2. Organisering

Fylkeskommunen bidreg finansielt. Taxi 1 gjennomfører innkjøp og får utbetalt tilskot når køyretøyet er levert

### 3. Vilkår for tilskotet

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Storleiken på tilskotet skal svare på talet av innkjøpte bilar.
- Innkjøpet må gjennomførast i tidsrommet tilsegnet gjeld for.
- Køyretøya skal ikkje avhendast før om tidlegast 2 år etter innkjøp.
- Mottakarar av støtta forpliktar seg til å gje data om drifta etter eit fastsett rapporteringssystem.

Om dei ovannemnde krava ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

## Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om innkjøpet av køyretøy, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at køyretøya er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

## Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune.

Elektronisk fakturaadresse til Hordaland fylkeskommune: 9908:938626367

Aksesspunkt: *Visma*

Saksnr.: 2018/10261

Ressursnr: 30485

Meir informasjon finn de her: <http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

## Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

## 4. Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

## 5. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Henrik Løseth Jansen, e-post [henjans@hfk.no](mailto:henjans@hfk.no), telefon 920 80 465. Ta gjerne kontakt om noko er uklart.

Fylkeskommunen ønskjer lykke til med gjennomføringa av innkjøpet!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Dag Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*